



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2022

1. INNLEIING

Etter kommunelova § 23-1, skal Kommunestyret sjølv velge eit kontrollutval som skal føre løpande kontroll på deira vegne.

Utvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan og skal på vegne av kommunestyret, forestå det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalgets uavhengige stilling i høve til andre folkevalgte organ og administrasjonen er ivareteke gjennom strenge krav til valbarheit.

2. UTVALETS SAMANSETNING

Etter kommunevalet hausten 2019 vart det valt kontrollutval for perioden 2019 – 2023 som etter seinare suppleringsval no har følgjande samansetning:

Nr	Navn	Funksjon	Parti
1	Oddvar Hoksnes *	Leiar	Krf
2	Oddbjørg Sporsheim	Nestleiar	V
3	Kristoffer J. Rød	Medlem	Sp
4	Peggy Synnøve Nilsen	Medlem	Ap
5	Grant Johansen Solem	Medlem	Frp

Nr	Varamedlemmer		
1	Wilhelm Andersen	Vara	Ap
2	Jørn Anders Thomassen	Vara	SV
3	John-Harry Rognskog Edvardsen	Vara	H

* = medlem av kommunestyret

Fast medlem, Anita Høy Rekkavik, flytta frå kommunen 04.10.22 og søkte om fritak frå vervet i kontrollutvalet. Kommunestyret handsama fritakssøknaden i møte 20.10.22 sak 67/22, og innvilga fritak. Som nytt medlem i Aukra kontrollutval vart Peggy Synnøve Nilsen valgt.

Ordførar og oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett i utvalets møter. Ordfører har som regel møtt i utvalets møter. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og forvaltningsrevisor har møtt i handsaming av saker frå revisjonen.

3. SEKRETARIAT

Etter kommunelova § 23-7, skal Kommunestyret sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalets behov.

Sekretariatet skal påsjå at de sakene som vert handsama av kontrollutvalet, er forsvarleg utgreidd, og at utvalgets vedtak blir iverksett.

Kommunane Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes har frå 2004 hatt samarbeidsavtale om interkommunal sekretærfunksjon for kontrollutvala. Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal vart frå 2013 oppretta som eit interkommunalt samarbeid (IS) etter kommunelova § 27 med status som eige rettssubjekt og med eige styre.

Etter kommunereforma og frå 1.1.2020 består samarbeidet av Aukra, Gjemnes, Hustadvika, Molde, Rauma, Sunndal og Vestnes kommunar. I 2019 godkjente kommunestyra nye vedtekter og valgte å nytte overgangsordninga som kommunelova åpnar for i § 31-2 når det gjeld interkommunale styrer etter § 27 i kommunelova av 1992. Innan 2023 må samarbeidet velge ein annan organisasjonsform enn § 27-organisering.

Styret er samarbeidet sitt øvste organ og ivaretek arbeidsgjeveransvaret for sekretariatet sine tilsette. Stig Holmstrøm, Vestnes kommune, er valgt til styreleiar. Gudrun Herje Langseth, Rauma kommune, er valgt til ny nestleiar etter Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal kommune, som i Sunndal kommunestyre er innvilga fritak frå sine politiske verv.

Hausten 2021 vart det frå styret i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal igjen teke initiativ for å få til eit større sekretariat. Det vart sendt brev om dette til kommunane på Nordmøre og Møre og Romsdal fylkeskommune. Den 03.03.2022 fekk sekretariatet attendemelding frå Kristiansund kommune om at Nordmøre Interkommunale politiske råd (NIPR) hadde handsama initiativet frå Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal i sitt møte i kommunedirektørkollegiet 14.03.2022 sak 14-22. Nordmørskommunane stilte seg positive til å diskutere dette, og meinte det er riktig at fylkeskommunen vert involvert for å sjå på eit felles sekretariat. Styret ventar fortsatt på formell attendemelding frå Møre og Romsdal fylkeskommune på invitasjonen. Styret fatta derfor i møte 16.11.22 sak 20/22 vedtak om at styret fullfører prosess med omdanning til kommunalt oppgavefellesskap og at dialog om eventuell samanslåing til større sekretariat fortsett parallelt, eller på eit seinare tidspunkt.

I 2022 er sekretærfunksjonen for kontrollutvalet i Aukra blitt ivareteke av rådgjevar Sveinung Talberg.

4. OPPGÅVER OG VERKSEMD I 2022

4.0 Sakshandsaming og møteavvikling

Kontrollutvalet har i 2022 hatt 5 ordinære møter og handsama 39 protokollerte saker. Av desse er 7 saker oversendt kommunestyret. Dette inkluderer fråsegner i prosjektrapportar og årsrekneskap. I tillegg er det handsama 31 referatsaker og 23 orienteringssaker.

Kontrollutvalets møteprotokollar vert lagt fram for kommunestyret som referatsak.

Kontrollutvalets møter vert halde for åpne dører, og blir som regel avhalde i kommunestyresalen på kommunehuset. Alle møter har vore avhalde som fysiske møte.

Kontrollutvalet har på forespørsel også fått orienteringar frå administrasjonen og kommunerevisjonen i saker som har vore til handsaming i møta.

Reglement for kontrollutvalet

Reglement for kontrollutvalet i Aukra er vedteke av kommunestyret i møte 19.11.2019, sak 85/19. Revidert reglement vart handsama i kontrollutvalet 16.06.20, sak 25/20. Dette gjaldt i forhold til § 8 og i medhald av kommunelova § 23-2, 4.ledd der kontrollutvalet har rett til å vere tilstade i lukka

møter i folkevalde organ i kommunen. Kontrollutvalets leiar utøver denne møteretten på vegne av kontrollutvalet. Utvalet sin leiar kan la eit av dei andre medlemmane i utvalet utøve denne retten på sine vegne. Det skal framgå av protokollen frå det enkelte møte at kontrollutvalet sin representant har vore tilstades på møtet.

Plan for Kontrollutvalets verksemd 2020-2023

Kontrollutvalet utarbeider plan for kontrollutvalet si verksemd for kvar valperiode. Plana blir utarbeidd av nytt kontrollutval i løpet av det første året etter nytt val. Plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023 er ei overordna plan som blir konkretisert av kontrollutvalet i ei årleg arbeidsplan. Kontrollutvalet vedtok i møte 18.02.2020, sak PS 07/20 plan for kontrollutvalet si verksemd 2020-2023. Aukra kommunestyre vedtok plana i møte 04.03.2020, sak PS 15/2020. På denne måten blir kommunestyret involvert i å sette rammer for kontrollutvalet si verksemd i gjeldande valperiode.

Konferanser/opplæring

Norges kommunerevisorforbund (NKRF) si kontrollutvalskonferanse 02.02.-03.02.22 vart arrangert digitalt som følge av pandemien. Ingen frå Aukra kommune deltok. Forum for kontroll og tilsyn (FKT) si fagkonferanse 07.06.-08.06.22 vart avvikla fysisk der leiar og nestleiar i utvalet deltok.

4.1 Tilsyn med revisjonen

Etter kommunelova § 23-2, skal kontrollutvalet påsjå at:

a) kommunens rekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, skal kontrollutvalet halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at:

a) kommunens årsrekneskap blir revidert på ein betryggande måte.

b) rekneskapsrevisjonen vert utført i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalets instruksar og avtalar med revisor.

c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorar som oppfyller krava i kapittel 2 og 3.

Kontrollutvalet i Aukra handsama i møte 06.05.2019 sak 18/19, val av revisjonsordning og val av revisor. Innstillinga frå kontrollutvalet til kommunestyret var at:

1. Aukra kommunestyre godkjenner at Aukra kommune held fram med revisjon i eigenregi.
2. Aukra kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Aukra kommune, under føresetnad av at selskapet blir stifta.
3. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Aukra kommunestyre fatta i møte 18.06.2019, sak 37/19 vedtak i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

I vedtaket fekk kontrollutvalet mandat til å inngå oppdragsavtale med Møre og Romsdal Revisjon SA. Kontrollutvalet handsama i møte 17.11.2020, sak 40/20 oppdragsavtale mellom Aukra kommune og Møre og Romsdal Revisjon SA. Oppdragsavtalen vart einstemmig vedteken.

I avtalen blir det m.a. forutsett at revisjonen legg til rette for at kontrollutvalet kan oppfylle sitt påsjå-ansvar overfor revisjonen. I dette ligg det at revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet frå sitt arbeid og ha eit kvalitetssystem i samsvar med lov og revisjonsstandardar. Avtalen gjeld ut 2023.

Dagleg leiar i Møre og Romsdal Revisjon SA var fram til 01.03.2021 Veslemøy E. Ellinggard. Martin Gjendem Mortensen starta som ny dagleg leiar 01.11.2021. I mellomtida var Kurt Anders Løvoll konstituert som dagleg leiar.

Ronny Rishaug er oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor for Aukra kommune.

Utvalet har fått seg forelagt og handsama følgjande i 2022 frå rekneskapsrevisor:

- **Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021, valgt område – Aukra kommune** (Sak 9/22 den 29.03.2022).
- **Rapport om resultat av kontrollhandlinger vedrørende sluttregnskap for investeringsprosjekt 309200 - Aukra omsorgssenter** (Sak 13/22 den 24.05.2022).
- **Rapport frå forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 – Aukra kommune** (Sak 14/22 den 24.05.2022).
- **Rapport frå årsoppgjørsrevisjonen 2021 - Aukra kommune** (Sak PS 15/22 den 24.05.2022).
- **Uavhengig revisors beretning for 2021 - Aukra kommune** (Sak 16/22 den 24.05.2022).
- **Rapport om resultat av kontrollhandlinger vedrørende sluttregnskap for investeringsprosjekt 616101 Torhaugmyra Aust** (Sak 22/22 den 04.10.2022).
- **Rapport om resultat av kontrollhandlinger vedrørende sluttregnskap for investeringsprosjekt 648115 Hovudvassledning Rødabukta - Rindarøy** (Sak 23/22 den 04.10.2022).
- **Revisjons- og kommunikasjonsplan for revisjonsåret 2022 - Aukra kommune** (Sak 26/22 den 04.10.2022).
- **Oppdragsansvarlig rekneskapsrevisors vurdering av sin uavhengigheit overfor rekneskapsrevisjon 2022 – Aukra kommune** (Sak 26/22 den 04.10.2022).
- **Risiko- og vesentleganalyse før forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2022 – Aukra kommune** (Sak 33/22 den 22.11.2022)
- **Rapport frå interimrevisjonen rekneskapsåret 2022 – Aukra kommune** (Sak 34/22 den 22.11.2022).
- **Rapport om resultat av kontrollhandlinger vedrørende sluttregnskap for investeringsprosjekt 683021 Veglys Hogsnesvegen, Skarshaugvegen-Løvikvegen og Hellegota, og prosjekt 648119 Klippen/Skarshaug-Løvik, fullføre hovedvassledning** (Sak 35/22 den 22.11.2022).

Dokumenta er blitt supplert med muntleg orientering frå revisor til sekretariatet og til medlemmane i møta.

4.2 Kontrollutvalets fråsegn til årsberetninga og årsrekneskapet

Etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga før formannskapet innstiller til vedtak.

Etter § 24-8, skal rekneskapsrevisor avgi ei revisjonsberetning til kommunestyret seinast 15. april. Det skal sendast kopi til kontrollutvalet, formannskapet og kommunedirektøren.

Utvalet har handsama og vurdert årsrekneskapet og årsberetninga for Aukra kommune for 2021 i sak 16/22 den 24.05.2022, og gjeve sin uttale til desse.

Vurderinga vart gjennomført med bakgrunn i FKT sin veileidar for kontrollutvalet sin uttale. I denne vurderinga ligg også kontrollutvalets påsjå-ansvar overfor rekneskapsrevisjonen.

Kontrollutvalet har i sin uttale til årsrekneskap og årsberetning for 2021 trekt fram at kommunen at Aukra kommune 16.12.21 har vedteke finansielle måltal og handlingsreglar for den økonomiske berekrafta. Kommunen har eit økonomisk resultat og økonomisk stilling som er solid sjølv om ein ikkje innfrir sine eigne krav til nivå på netto lånegjeld.

Med bakgrunn i kontrollutvalets kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, revisjonsmeldinga og etter ei samla vurdering, rår kontrollutvalet til at årsrekneskapet og årsmeldinga (samla i årsrapport) til Aukra kommune for 2021 blir godkjent slik det ligg føre.

Utvalget har handsama 4 prosjektrapportar og sluttrekneskap frå kommunen og gjeve sin uttale til desse.

Utvalet får framlagt kommunedirektørens tertialvise økonomirapportar, budsjettendringar og finansrapportar til kommunestyret. Utvalet vurderer at det blir rapportert etter dei krav om rapportering som går fram av kommunelova §§ 14-5 og 14-13 og etter dei forutsetningar som kommunens økonomireglement og finansreglement bestemmer.

4.3. Nummererte brev

Etter kommunelova § 24-7, er det krav om at revisor i brev skriftleg skal påpeike nokre forhold overfor kontrollutvalet. Det er lista opp sju forhold som krev slik rapportering. Regelen er ikkje til hinder for at revisor sjølv vurderer om det er andre forhold som også bør rapporterast til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har ikkje motteke nummererte brev frå revisor i 2022.

4.4 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga

Etter kommunelova § 24-9, skal rekneskapsrevisor sjå etter om kommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak. Revisor skal basere oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering, som skal leggast fram for kontrollutvalet. Revisor skal seinast 30. juni gje ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren om resultatet av kontrollen.

Det vart i 2021 gjennomført forenkla etterlevingskontroll med tema «Kjerringsundet-Fastlandsforbindelse-Avtaler». Rapport frå kontrollen vart lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i møte 24.05.2022, sak 14/22. Kontrollutvalet avslutta vidare oppfølging av saka då momenta i saka er i politisk prosess. Kommunen avventar vidare prosess i andre vedtaksorgan og arbeidet med KS 2 der ein uavhengig aktør kjem inn og kvalitetssikrar innhaldet i dette. Ein håper på ei avklaring av dette innan utgangen av året.

Kontrollutvalet fekk i møte 22.11.2022, sak 33/22 framlagt revisor si risiko- og vesentlegvurdering før etterlevingskontrollen for 2022.

4.5 Forvaltningsrevisjon

Etter kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav c), skal kontrollutvalet påsjå at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd, og av selskap kommunen har eigarinteresser i.

Etter § 23-3, er forvaltningsrevisjon å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan som syner på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd og verksemda i kommunens selskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 4, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatata av dei.

Etter § 5, skal kontrollutvalet påsjå at kommunestyrets vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Det er utarbeidd Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2023 som vart handsama av kontrollutvalet i møte 22.09.2020, sak 34/20 og seinare vedteke av kommunestyret i møte 15.10.2020 i K sak 77/20:

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2023, med følgjande tema:
 - Barn og unge, herunder barnevern
 - Spesialundervisning
 - Verksemda i kommunen sine selskap
2. Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokre av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen syner et slikt behov, kan kontrollutvalet frå å prioritere å gjennomføre forvaltningsrevisjon i slike selskap og samarbeid.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom tema for forvaltningsrevisjon som er omtalt i plana.
4. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre områder for forvaltningsrevisjon enn det som framgår som tema jf. Pkt. 1.

Tilpassa opplæring i grunnskolen i Aukra kommune

Rapport frå forvaltningsrevisjonsprosjektet vart handsama i kontrollutvalet i møte 22.06.2021 sak PS 16/21. Etter samråd med kontrollutvalet vart prosjektet undervegs omdefinert til «**Tilpassa opplæring i grunnskolen i Aukra kommune**» då kommunedirektøren viste til at tilpassa undervisning er både ordinær tilpassa og spesielt tilpassa. «Tilpassa opplæring i grunnskolen», er ein meir dekkande og korrekt tittel, sidan det er tilpassa opplæring både i ordinær opplæring og i spesialundervisning.

Kontrollutvalet innstilte på følgjande vedtak til kommunestyret:

Aukra kommunestyre tek forvaltningsrevisjonsrapporten «Tilpassa opplæring i grunnskolen i Aukra kommune» til vitande og sluttar seg til følgjande tilrådingar:

1. Kommunen bør tilrettelegge for at lærarane kan kontakte PP-rådgjevar ved behov for rådgjeving.
2. Kommunen skal sikre at årsrapport for spesialundervisning vert utarbeidd i henhold til planer og fristar. Rapporten bør innehalde oversikt over den opplæring eleven har fått, om elevene har fått opplæring av den ressursen og kompetansen som er angjeve i vedtaket og om opplæring er gjeve i henhold til timeantalet i vedtaket.
3. Kommunen bør sikre at elevar med vedtak om spesialundervisning får opplæring i henhold til vedtak ved fråver av spesialpedagog.
4. Kommunen bør evaluere om samarbeidsrutinene mellom lærarane er tilstrekkeleg, slik at elevar med vedtak får eit forsvarleg og heilheitleg opplæringstilbud.
5. Kommunen bør gjennomgå om minoritetsspråklege elevar får særskilt norskopplæring heilt til dei kan følgje ordinær opplæring i alle fag.
6. Kommunen skal sikre at tilbud om morsmålsopplæring til minoritetsspråklige elevar vert gjeve i henhold til lovverk og eigne planer.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å syte for at tilrådingane blir fulgt og påsjå at arbeidet vert gjennomført.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å gje kontrollutvalet ein skriftleg plan for oppfølging av tilrådingane, slik at planen kan handsamast seinast i kontrollutvalet sitt møte 23. november 2021.

Kommunestyret handsama saka i møte 21.10.2021 sak PS 51/21, og fatta samrøystes vedtak i tråd med innstillinga frå kontrollutvalet.

Kommunedirektøren meldte i brev av 15.11.2021 attende til kontrollutvalssekretariatet ei plan for oppfølging av anbefalingane. Ut frå forvaltningsrevisjonen, ser kommunedirektøren behov for å utarbeide ein felles plan for tilpassa opplæring i Aukraskolen. Ei felles plan for tilpassa opplæring vil gje eit godt grunnlag for at undervisninga/opplæringa har utspring i felles forståing og beste praksis.

Alle seks punkt som kommunestyret har bedt kommunedirektøren om å følge opp, vil verte omtalt i den felles planen. Planen vil inkludere gode kvalitetsstandardar for alle punkt som Aukra kommunestyre har bedt kommunedirektøren om å følge opp. Kommunedirektørens plan inneheld ei beskriving av situasjon, kva for tiltak som er gjennomført og kva for arbeid som pågår. Slik kontrollutvalssekretariatet vurderer det, har kommunedirektøren svart ut alle anbefalingane og laga ei plan for arbeidet med konkrete handlingar. Forslag til plan for tilpassa opplæring vert lagt fram for Aukra kommunestyre innan sommaren 2022.

Kontrollutvalet handsama plan for oppfølginga i møte 23.11.2021 sak PS 30/21, og fatta følgjande vedtak:

Kontrollutvalet tek kommunedirektørens plan, og informasjon i møte, til orientering.

Kontrollutvalet fører saka inn på oppfølgingslista.

Kontrollutvalet ber kommunedirektøren om ein statusrapport for arbeidet i kontrollutvalets første møte hausten 2022.

I møte 04.10.2022 gjorde Kommunedirektøren, rektorar og pedagogisk rådgjevar greie for arbeidet. Kontrollutvalet ba om at det vart utarbeidd eit skriftleg materiale til utvalet på dei muntlege orienteringane. Kontrollutvalet sa seg nøgd med kommunens oppfølging og ville rapportere dette til kommunestyret. Kontrollutvalet fatta vedtak om å avslutte vidare oppfølging av saka og forvaltningsrevisjonsrapporten.

Forvaltningsrevisjonsrapport – barneverntjenesten for Molde, Vestnes og Aukra

Aukra kommune har felles barnevernteneste saman med Molde kommune og Vestnes kommune. Tenesta er organisert som eit vertskommunesamarbeid der Molde kommune er vertskommune. Kommunelova § 20-9 regulerer kontrollutvalets myndigheit i ein vertskommune. Det er kontrollutvalet i vertskommunen fører kontroll med verksemda i vertskommunen på vegne av alle deltakarane i vertskommunesamarbeidet.

Kontrollutvalet i Molde bestilte i møte 02.11.2020 forvaltningsrevisjon av barnevernstenesta for Molde, Aukra og Vestnes. Kontrollutvalet i Aukra vart i sak 42/20, gjennom saksframlegget, orientert om at kontrollutvalet i Molde hadde bestilt eit forvaltningsrevisjonsprosjekt på barnevern. Kontrollutvalet i Aukra ønskte forvaltningsrevisjonsrapporten til handsaming når den er ferdig.

Kontrollutvalet i Molde har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten i møte 26.04.2021, sak 15/21 og kome med si tilråding frå møtet til Molde kommunestyre. Det vart i kommunestyret vedteke 4 anbefalingar til forbetringar som kommunedirektøren i Molde skal utføre.

Kontrollutvalet i Aukra handsama rapporten i møte 25.05.2021 sak PS 10/21 og fatta følgjande vedtak:

Kontrollutvalet i Aukra tek rapporten til orientering. Kontrollutvalet i Aukra syner til kontrollutvalget i Molde sitt vedtak og innstilling til Molde kommunestyre der ein ber kommunedirektøren sørge for at anbefalingane vert fulgt opp og påsjå at dette arbeidet vert gjennomført. Kommunestyret ber om at kommunedirektøren gir kontrollutvalget ei skriftleg plan for oppfølging av anbefalingane til kontrollutvalgets møte 6. september 2021.

Kontrollutvalet i Aukra fører saka opp på oppfølgingslista og følgjer der opp korleis kontrollutvalget i Molde følgjer opp saka. I kontrollutvalets møte 22.06.2021 fatta utvalet vedtak om at utvalet fortsatt følgjer opp saka og at ein oversender forvaltningsrevisjonsrapporten til Aukra kommunestyre som referatsak. Kommunestyret handsama rapporten i møte 21.10.2021 sak RS 52/21.

Kontrollutvalet handsama i møte 23.11.2021 kontrollutvalet i Molde si oppfølging av saka. Kommunedirektøren i Molde sendte kontrollutvalget i Molde ei plan for oppfølging av anbefalingane den 29.09.2021 som vart handsama i kontrollutvalgets møte 22.10.21, sak 34/21. Kommunedirektørens plan inneheld ei beskriving av situasjonen, kva tiltak som er gjennomført og kva arbeid som pågår. Kommunedirektørens plan viser at den første anbefalinga truleg er ferdig oppfulgt. Det pågår arbeid knytt til to av anbefalingane, men det er litt uklart korleis den siste anbefalinga er tenkt fulgt opp. Kontrollutvalet i Aukra fatta i møte 23.11.2021 vedtak om at kontrollutvalet beheld saka på oppfølgingslista, og får ei orientering om korleis kontrollutvalget i Molde følger opp saka på sitt første møte i 2022.

Aukra kommune har vurdert alternative barnevernssamarbeid frå 2023. Alternativa var å forsette i dagens samarbeid eller å inngå eit samarbeid med Hustadvika kommune. Dette var sak i kommunestyrets møte 16.12.2021 sak PS 88/21 der det vart fatta følgjande vedtak: Etter ei totalvurdering og gjennomgang av begge avtalane med fokus på barna sitt beste og ikkje berre økonomi, vel Aukra kommunestyre å vidareføre/vidareutvikle barnevernssamarbeidet med Molde kommune.

I kontrollutvalet sitt møte 29.03.2022 vart det orientert om kontrollutvalet i Molde si oppfølging. Kontrollutvalet i Molde hadde møte 21.02.2022 der dei fekk framlagt statusrapport frå barneverntenesta. Utvalet vurderte at anbefalingane blir godt oppfulgt, og vedtok å avslutte oppfølginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet. Kontrollutvalet ønskte å få framlagt barnevernets årlege tilstandsrapport når den foreligg, samt å motta jevnleg oppdatering om status i BUF-direktoratets kommunemonitor. Dei endra difor tittelen på saka på oppfølgingslista til «Barnevernstjenesten for Molde, Aukra og Vestnes». Bakgrunnen for dette var at dette området har ein ibuande risiko som kontrollutvalet bør følge opp, uavhengig av oppfølging av anbefalingane i forvaltningsrevisjonsprosjektet som ble gjennomført i 2021.

Kontrollutvalet i Aukra vedtok i møtet 29.03.2022 å følge barnevernstenesta vidare ved å føre den opp på oppfølgingslista. Kontrollutvalet i Aukra vil følge med på tenesta gjennom årlege tilstandsrapportar og eventuelle orienteringar, samt ved å følge med på Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (BUF-dir) sin kommunemonitor for barnevern.

Kontrollutvalet vedtok i møtet 04.10.2022 at ein til møtet 22.11.2022 får ei orientering og statusmelding frå barnevernstenesta på bakgrunn av Tilstandsrapport for barnevernet 2021 var handsama i kommunestyret 16.06.2022.

Barnevernstenesta fekk oversendt spørsmålsstillingar på førehand. Leiar for barneverntenesta viste ein presentasjon, orienterte og svarte på spørsmål digitalt på Teams i møtet 22.11.2022. Ein gjekk gjennom status på dei tema som er omtala i tilstandsrapporten for 2021 som tidlegare er handsama i kommunestyret. Heilheitsinntrykket er at tenesta driv godt med nesten alle stillingar besatt og tilfredsstillande sjukefråver. Det er nokre utfordringar knytt til ny barnevernslov og oppvekstreform. Kontrollutvalet vedtok å avslutte vidare oppfølging av barnevernstenesta då ein registrerer at tenesta driv godt.

Forvaltningsrevisjon i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (RIR)

Kontrollutvalet vedtok i møte 24.05.2022 sak 17/22 å bestille ein forvaltningsrevisjon frå Møre og Romsdal Revisjon SA i RIR IKS. Prosjektet vert gjennomført som eit felles prosjekt saman med kontrollutvala i Aukra, Gjemnes, Hustadvika og Molde då desse kommunane også er medeigarar i selskapet.

Prosjektplana var handsama i kontrollutvalet sitt møte 04.10.22 sak 27/22. Undervegsrapport vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 22.11.2022 sak OS 23/22. Rapport frå prosjektet skal leverast 16.12.2022. Kontrollutvalet vil handsame rapporten i møte 24.01.2023 og innstille i saka til kommunestyret sitt møte 02.02.2023. Kontrollutvalssekretariatet mottok rapport frå revisjonen 19.12.2022.

4.6 Eigarskapskontroll

Etter kommunelova § 23-2, 1.ledd bokstav d), skal kontrollutvalet påsjå at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunens eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll).

Etter § 23-4, er eigarskapskontroll å kontrollere om den som utøver kommunens eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Plana skal baserast på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunens eigarskap. Hensikta med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.

Plana skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i plana.

Etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 4, skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar og resultatane av dei.

Etter § 5, skal kontrollutvalet påsjå at kommunestyrets vedtak om rekneskapsrevisjonar, forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret om vedtaket er fulgt opp.

Etter kommunelova § 26-1, skal kommunar minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv.

Etter kommunelova § 23-6, 4.ledd, skal kontrollutvalet varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stades i desse møta.

Det er utarbeidd Plan for eierskapskontroll 2020 – 2023 som vart handsama av kontrollutvalet i møte 22.09.2020, sak 35/20 og seinare vedteke av kommunestyret i møte 15.10.2020 i K-sak 78/20.:

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune si plan for eigarskapskontroll for perioden 2020-2023 som omfattar følgjande

Aksjeselskap:

- Aukra Industriendom AS

Andre selskap:

- Romsdal Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (RIR)
- Molde og Romsdal Frå IKS

2. Kontrollutvalet gjennomfører ein avgrensa kontroll for å vurdere om det er behov for å gjennomføre forvaltningsrevisjon i nokre av kommunen sine selskap eller interkommunale samarbeid. Om kontrollen viser eit slikt behov, kan kontrollutvalet velje å prioritere å gjennomføre slik forvaltningsrevisjon saman med eventuell eigarskapskontroll.

3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere rekkefølga mellom eierskap og selskap som er omtalt i planen.

4. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere andre eierskap og selskap enn det som framgår som tema jf. Pkt. 1.

I ny kommunelov § 26-1 er det kome krav om at kommunar minst ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Det er sett krav til kva eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring.
- Oversikt over selskap, kommunale foretak og andre verksemdar som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesse i.
- Kommunen sitt formål med sine eigarinteresser.

Eigarskapsmelding er eit viktig styringsverktøy for kommunestyret, for kommunen sine representantar i selskapa og for kontrollutvalet sitt arbeid. Gjennomføring av eigarskapskontroll forutset at kommunen har utarbeidd eigarskapsmelding.

Aukra kommunestyre vedtok i møte 07.04.2022 sak 16/22 ny Eigarskapsmelding for Aukra kommune.

Kontrollutvalet har i sitt budsjett for 2022 teke høgde for at det kan vere aktuelt å delta i ein forvaltningsrevisjon i eit selskap og eigarskapskontroll i samarbeid med andre eigarkommunar i 2022. Det vart avsett kr 100 000 til dette formålet.

Kontrollutvalet bestilte i møtet 24.05.2022 ein forvaltningsrevisjon frå Møre og Romsdal Revisjon SA i RIR IKS. Bakgrunnen for dette er at det er ein fordel at ein også bestiller eigarskapskontroll i eit selskap hvis det også er bestilt ein forvaltningsrevisjon i same selskap. RIR IKS står også i plana for eigarskapskontroll.

Prosjektplana var handsama i kontrollutvalet sitt møte 04.10.22 sak 28/22. Undervegsrapport vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 22.11.2022 sak OS 23/22. Rapport frå prosjektet skal leverast 16.12.2022. Kontrollutvalet vil handsame rapporten i møte 24.01.2023 og innstille i saka til kommunestyret sitt møte 02.02.2023. Kontrollutvalssekretariatet mottok rapport frå revisjonen 19.12.2022.

4.7 Innsyn og undersøkingar i selskap o.l.

Etter kommunelova § 23-6, kan kontrollutvalet kreve dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, frå

- a) interkommunale selskap etter IKS-lova
- b) interkommunale politiske råd
- c) kommunale oppgåvefelleskap
- d) aksjeselskap der ein kommune eller fylkeskommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar.

Opplysningane etter første ledd kan krevjast frå verksemdas daglege leiar, styret og den valgte revisoren for selskapet.

Kontrollutvalet kan foreta undersøkingar i verksemda hvis det er nødvendig.

Kommunestyret kan fastsette reglar om kontrollutvalets kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskap som er nemnt i første ledd, og om kva dokument mv. som skal sendast til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal varslast om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ og har rett til å vere til stade i desse møta.

Kontrollutvalets innsynsrett og rett til å foreta undersøkingar etter første og andre ledd gjeld på tilsvarande måte overfor andre verksemdar som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsynet og undersøkingane skal imidlertid berre omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.

Kontrollutvalet har i 2022 ikkje blitt varsla om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ eller gjennomført kontrollar i selskap nemnt i § 23-6 1.ledd, anna enn å ha fått innkallingar og protokollar frå Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonselskap IKS (RIR).

4.8 Særlege oppgåver for kontrollutvalet

Kontrollutvalets særlege oppgåver følgjer av kommunelova § 23-7 og forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 2 og 8.

Sekretariat

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet får sekretariatsbistand som tilfredsstillar utvalets behov. Kommunestyret velgjer sjølv sekretariat for kontrollutvalet etter innstilling frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalets rolle i fastsetting av budsjett for kontrollarbeidet

Kontrollutvalet skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følge innstillinga til årsbudsjettet etter kommunelova § 14-3 tredje ledd til kommunestyret. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett er sendt til kommunestyret for vidare handsaming.

Tilsetting, suspensjon, oppseiing og avskjeding av revisor

Kontrollutvalet innstiller i slike saker til kommunestyret.

4.9 Oppfølging av politiske vedtak

Etter kommunelova § 13-1, skal Kommunedirektøren påsjå at vedtak som vert treft av folkevalgte organ, blir iverksett utan ugrunna opphald. Etter reglement for kontrollutvalet i Aukra kommune § 6, skal kontrollutvalet arbeide for å sikre at politiske vedtak i kommunen vert fulgt opp.

Kontrollutvalet har sidan 2015 spurt etter vedtak som står i restanse og bedt om at det vert framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret. Det vert heller ikkje rapportert på oppfølging av politiske vedtak i årsrapporten.

Kontrollutvalet har 23.02.2021 motteke to restanselister frå kommunedirektøren på politiske vedtak til oppfølging i Formannskapet og Kommunestyret. Dette gjeld ei sak i Formannskapet og ei sak i Kommunestyret.

Det er ikkje bedt om tilsvarande restanselister i 2022.

4.10 Oppfølging av kontrollutvalets saker

Kontrollutvalet har ei eiga oppfølgingsliste over saker til vidare oppfølging. Denne blir handsama og oppdatert i kvart kontrollutvalsmøte.

Saker på kontrollutvalets oppfølgingsliste som ikkje er endelig avslutta pr. 31.12.2022:

- Forvaltningsrevisjonsrapport «Offentlige anskaffelser i Aukra kommune» (2018)
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Brukermedvirkning i pleie og omsorg» (2020)
- «Klima- og miljøplan»/Forvaltningsplan leplantefelt (2022)

4.11 Spesielle undersøkingsoppgåver

Kontrollutvalet hadde i 2022 ingen saker knytt til økonomisk utruskap eller andre forhold som kan tyde på alvorlege brudd på reglar. Kontrollutvalet har ikkje hatt spesielle undersøkingsoppgåver i 2022.

4.12 Verksemdsbesøk

For å bli kjent med den kommunale forvaltninga og for at tilsette i kommunen skal bli betre kjent med kontrollutvalet, kan kontrollutvalet gjennomføre besøk i ei kommunal verksemd. Gjennomføring av verksemdsbesøk gir kontrollutvalet eit godt innblikk i den kommunale forvaltninga og gir verksemda moglegheit til å bli kjent med kontrollutvalet.

Kontrollutvalet ønske gjennom vedtak i møtet 15.02.22 å besøke Barnebo barnehage i samband med møtet 29.03.22 og sendte forespørsel til kommunedirektør om dette. Ønsket vart imøtekome. Barnehagen har kapasitet utover dagens 90 barn, men det er utfordringar med å skaffe nok fagutdanna personell og tilkallingsvikarar.

Barnehagen ser utfordringar i høve den nye barnevernsreforma og tidleg innsats. Kontrollutvalet uttrykte godt utbytte av besøket. Oppsummering frå orienteringa vart handsama i kontrollutvalets orienteringssak 10/22 i møte 23.05.2022.

4.13 Sentrale kommunale styringsverktøy

Ei av oppgåvene til kontrollutvalet er å undersøke om kommunen har etablert ein betryggande og hensiktsmessig internkontroll.

Etter § 25-1 i kommunelova, skal kommunen ha internkontroll med administrasjonens verksemd for å sikre at lover og forskrifter vert følgd. Kommunedirektøren i kommunen er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast verksemdas størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Dette inneber at kommunedirektøren skal:

- a) utarbeide ei beskriving av verksemdas hovedoppgåver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.

Etter § 25-2, skal Kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultat frå statlege tilsyn minst ein gong i året. Det vart i årsberetninga for 2020 rapportert frå internkontrollen.

Aukra kommune har etablert eit elektronisk verktøy for å ivareta internkontrollen.

I tillegg til dette har kommunen følgjande sentrale styringsverktøy:

- ❖ **Strategi offentlege innkjøp 2021 – 2024** (vedteke 04.02.21 i k-sak 1/21)
- ❖ **Styringssystem for personvern og informasjonssikkerheit for Aukra kommune** (vedteke 18.03.21 i k-sak 18/21)
- ❖ **Økonomi- og finansreglement for Aukra kommune** (vedteke 16.12.21 i k-sak 79/21)
- ❖ **Delegeringsreglement for Aukra kommune** (vedteke i K-sak 106/12 og revidert i K-sak 16/14, K-sak 113/16, 18.06.19 i k-sak 38/19, 17.12.20 i k-sak 99/20)
- ❖ **Reglement for finansforvaltning i Aukra kommune** (vedteke 19.6.2018) i K-sak 49/18, revidert 16.12.21 i k-sak 79/21.)
- ❖ **Investeringsreglement – nytt kap. 9 i Aukra kommunes økonomireglement** (vedteke 13.02.2014 i K-sak 4/14)
- ❖ **Eigarskapsmelding** (vedteke 11.10.2016 i K-sak 80/16, revidert 07.04.22 i k-sak 16/22)
- ❖ **Informasjonssikkerheit i Aukra kommune – overordna plan** (vedteke 7.2.2017 i K-sak 10/17)
- ❖ **Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Aukra kommune 2018-2022** (vedteke 17.4.2018 i k-sak 20/18, revidert 03.02.22 i k-sak 3/22)
- ❖ **Compilo – Kommunen sitt elektroniske kvalitetsikringssystem**
- ❖ **Hovudplan for avløp 2022-2027** (vedteke 16.12.21 i k-sak 83/21)
- ❖ **Klima- og miljøplan 2030** (vedteke 16.12.21 i k-sak 84/21)
- ❖ **Revidert plan for likestilling og mangfold 2019 – 2023** (vedteke 5.2.19 i k-sak 4/19)
- ❖ **Lønnspolitisk plan for Aukra kommune 2018 – 2020** (vedteke 5.2.19 i k-sak 5/19)
- ❖ **Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019 – 2030** (vedteke 5.2.19 i k-sak 11/19)
- ❖ **Reglement for godtgjersle for kommunale ombod i Aukra kommune for perioden 2019-2023** (vedteke 27.08.19 i k-sak 49/19)
- ❖ **Helhetlig ROS-analyse – endelig versjon** (Referatsak 46/19, kommunestyret 19.12.19)
- ❖ **Bygging/utvikling av heiltidskultur i Aukra kommune 2020 – 2023** (vedteke 06.02.20 i k-sak 08/20)
- ❖ **Forskrift om folkevalte sin rett til godtgjering og velferdsgode i Aukra kommune** (vedteke 18.06.20 i k-sak 31/20)
- ❖ **Politisk reglement for Aukra kommune 2019-2023** (vedteke 18.06.20 i k-sak 32/20)
- ❖ **Plan for kompetanseutvikling, Aukra kommune 2020 – 2025, revisjon** (vedteke 15.10.20, k-sak 81/20)
- ❖ **Revisjon Rekrutteringsplan for Aukra kommune 2020 – 2025, revisjon** (vedteke 19.11.20, k-sak 86/20)
- ❖ **Arkivplan for Aukra Kommune** (vedteke 16.02.22 i k-sak 39/22)

4.14 Tilsyn frå andre

Eksterne forvaltningsorgan fører tilsyn med kommunen. Desse tilsyna kan avdekke lovbrudd, avvik eller risikoar i den kommunale organisering og utøvinga av tenesteproduksjonen.

Etter kommunelova § 25-2, skal Kommunedirektøren rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultatane frå statlege tilsyn minst ein gang i året. For 2021 vart det rapportert om dette i årsberetninga til kommunedirektøren.

Kontrollutvalet har i 2022 innhenta, handsama og fulgt opp, følgjande tilsynsrapportar:

Referatsak 10/22 i møte 29.03.2022; Tilsynsrapport og pålegg brannstasjonen i Aukra kommune - Arbeidstilsynet

Ved tilsynet blei det funne forhold som ikkje var i samsvar med regelverket, og det blei ført som

avvik, samt gitt førehandsvarsel om pålegg. Varsla pålegg: HMS-arbeid, kartlegging og risikovurdering, arbeidsplasser og arbeidslokaler, garderobes, HMS-arbeid, tiltak og plan, ventilasjon og prosessavslutning. Det vart starta opp arbeid i samarbeid med Aukra kommune og Nordmøre og Romsdal Brann og Redning (NORBR) si verneteneste for å kunne lukke gjeldande avvik innan gitt frist 06.06.2022.

Kontrollutvalet tok rapporten til orientering og på bakgrunn av rapporten avslutta vidare oppfølging av området.

Orienteringssak 12/21 i møte 25.05.2021; Rapport frå tilsyn med tvungen somatisk helsehjelp ved Aukra omsorgssenter 2020:

Kontrollutvalet har i møtet 23.11.2021 fått framlagt etterspurt dokumentasjon og korrespondanse i saka.

Statsforvaltaren har i brev av 27.05.21 avslutta vidare oppfølging av tilsynet då dei har vurdert innkomen dokumentasjon og svar frå kommunen. Statsforvaltaren legg til grunn for si avgjerd at Aukra kommune også framover vil ha fokus på internkontroll som sørgjer for at det ikkje vert nytta ulovleg tvang ovanfor bebuarane på sjukeheimen. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunen sørgjer for at dei tilsette framover fører journal i tråd med gjeldande regelverk, på ein slik måte at også helsefaglege vurderingar vert synlege i journalen når pasienten motset seg hjelpa.

Kontrollutvalet fatta vedtak om at ein beheld saka på oppfølgingslista og får ei ny orientering om ca. eitt år korleis kommunen har fulgt opp plana for lukking av avvika.

Kontrollutvalet fekk ei orientering frå einingsleiar i møte 22.11.22. Einingsleiar institusjon orienterte om kva kommunen har gjort og gjer i høve plana som vart laga for å lukke avvika i tilsynet. Tiltaksplana blir fulgt og ein har gjennomført møter med Statsforvaltaren. Kontrollutvalet avsluttar vidare oppfølging av saka då ein registrerer at eininga følgjer dei planene som er lagt.

5. SAMANDRAG

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbedre kommunens tenesteproduksjon og myndigheitsutøving så vel som dei interne kontroll- og forvaltningsfunksjonar. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessene hos brukarane, og ein aktiv og truverdig kontrollfunksjon kan medverke til å bygge opp om denne tilliten.

Utvalets arbeid krev at medlemmane er aktive og sett seg inn i til dels kompliserte saker som kan gjelde heile verksemdsområdet til kommunen.

Som kommunestyrets hjelpeorgan i kontrollspørsmål er kontrollutvalets virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, bl.a. for å få gjennomslagskraft for forbetningsforslag og anbefalingar og dermed kunne bistå i arbeidet for at kommunestyrets målsettingar blir realisert.

Aukra, 24.januar 2023
Kontrollutvalet i Aukra kommune

Oddvar Hoksnes
leiar

Oddbjørg Sporsheim
nestleiar

Kristofer J. Rød
medlem

Peggy Synnøve Nilsen
medlem

Grant Johansen Solem
medlem